

Til Alver kommune. Kart og oppmålingsavd.

Krav om omregistrering av gnr. 147 bnr. 18 og bnr. 115 til bustad med kodenr. 111 i matrikkelregistreringa.

Gnr. 147 bnr. 18 vart frådelt som eigen matrikkeleining 08.04. 1939. Bustaden som står på egedomen i dag er bygd midt i 30 åra dvs. lang tid før Plan-og bygningslova sitt regelverk.

Bygget var brukt og registrert som einebustad og nytta som dette fram til ny eigar overtok eingong mellom 1955-1965. Denne eigaren nytta denne bustaden aktiv i tillegg til sin bustad i Bergen. Ny eigar overtok egedomen i 2015. I 2018 overtok nåverande eigar egedomen. I 1985 omregistrerte gamle Lindås kommune denne egedomen frå kode 111 einebustad i matrikkelregisteret til kode 161 fritidsbustad/hytte i registeret utan at eigar hadde søkt om dette og utan at eigar vart orientert om endringa. Denne registreringa var feil. Egedomen burde vore registrert i matrikkelen med kode 162 heilårsbustad nytta som fritidsbustad.

Nåverande eigar av bnr. 18 og bnr. 115 ynskjer nå å nytta bustaden som heilårsbustad og krev at bustaden blir tilbakeregistrert til slik bruk dvs. med kode 111 i matrikkelen. Egedomen ligg i område med einebustader og er ein naturleg del av slikt område. Sjå vedlagde kart. Egedomen er pr. i dag vesentleg oppgradert. Sjå vedlagde brev frå huseigar.

22.06 i 1992 vart gnr. 147 bnr. 115 etablert. Dette arealet ligg på andre side av fylkesvegen der bustaden ligg og er på 97 kvm. Arealet vart frådelt som oppstillingsplass/parkeringsplass for bilar. Arealet er eigd av same eigar som bnr. 18 og er såleis bnr. 18 sin køyretilkomst til sin egedom. Frå denne må brukar av bnr. 18 kryssa fylkesvegen opp til sin bustad. Dette kan ikkje vera noko problem då det her er god sikt og med forholdsvis liten trafikk. Langs denne fylkesvegen er slike kryssingar normalt og ikkje noko særskild for denne egedomen.

Dersom egedomen ikkje hadde vore omregistrert i 1985 og hadde vore bruka som heilårsbustad heile tida ville ingen reist spørsmål i dag om korkje bygg i LNF-område, teknisk standard eller tilkomst. Egedomen hadde då vore ein einebustad slik som nåverande eigar ynskjer å nytta egedomen til. Statsforvaltar har og i si vurdering av omregistrering av gamle einebustader bygd før Plan-og bygningslova vart innført og som har vore nytta som fritidsbustadar tilrådd at slik omregistrering bør kunne gjerast dersom tilhøva ligg til rette for det. I dette tilfellet bør ikkje slik omregistrering vera noko problem.

At kommunen feilregistrerte egedomen i 1985, utan eigar sin medverknad eller viten, kan i dag ikkje nyttast som påskot til å sjå på denne egedomen som ein fritidsbustad/ hytte. Det har egedomen aldri vore. Han har vore einebustad og i ein tidsepoke frå 1985 til nå vore ein einebustad nytta som fritidsbustad. Denne feilregistreringa må kommunen retta opp og deretter omregistrere egedomen frå einebustad nytta som fritidsbustad kode 162 til einebustad nytta som einebustad dvs. kode 111 i matrikkelen.

Frekhaug 24.10.2022.

Etter fullmakt frå May Lise Kismul eigar av gnr. 147 bnr. 18 og bnr. 115.

Jens H. N. Bjordal. Rådgevar.